

Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

## Fråsegn til oppstart av områdeplan for bustadområde - B36 på Kaland og Fonnes - Ekornsåta - planID2021002 - Austrheim kommune

Vi viser til brev datert 10.02.21 om oppstart av arbeid med områderegulering for Ekornsåta i Austrheim. Hovudføremålet med reguleringa er regulering for bustad og friområde. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad og friområde. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering og innspele

#### Areal- og transport

Det er eit regionalt mål at samordna areal-, bustad og transportplanlegging bidreg til reduksjon i klimagassutslepp og tilpassing til klima. Ein samla areal- og transportutvikling bidreg til nullvekstmålet, men legg også til rette for betre kollektivbetjing, funksjonelle innfartsparkeringar og infrastruktur for syklande og gåande. Ein samla areal- og transportutvikling vil også leggja til rette for høgare nytteverdi av kommunale investeringar innanfor teknisk og sosial infrastruktur.

#### Samferdsel, infrastruktur og veg

Planområdet har ein sentral plassering nær skule, barnehage og nær eksisterande og moglege framtidige næringsområde. Trygge løysingar for alle trafikantgrupper vil vere eit viktig tema vidare i planprosessen. Kollektivtilbodet er noko avgrensa i området, særskilt i helgane. Samstundes er det kort avstand mellom kollektivtilbod og planområdet og det er viktig å sikre effektiv og trygg tilkomst til nærliggande haldeplassar.

Kommunen skriv at føremålet med planarbeidet er å innfri plankravet som ligg i KPA før utbygging kan skje. Dei ønskjer å legge til rette for bustadbygging og for friluftsliv med stiar/gangvegar.

Friområdet kan og tilretteleggast for barn og unge.

Kommunen vil utarbeide områdeplanen så detaljert at dei kan behandle bygesaker med heimel i planen. Det kan bli aktuelt å sette plankrav til delområde i planen dersom det blir for dyrt å detaljere i områdeplanen.

Tema for fylkeskommunen som vegstyresmakt meiner må utgreiast i planarbeidet:

- Trafikktryggleik generelt og trygg skoleveg spesielt er viktige tema i planarbeidet.
- Det må utarbeidast ein trafikkanalyse.
- Tilkomst til planområdet bør vere til kommunal veg Leirvågvegen og ikkje til Fv 565 som er ein fylkesveg som ligg i streng haldningsklasse jf. rammeplanen.
- Det ligg nokre bustadar langs fv 565 som har avkjørsle direkte til fylkesvegen. Desse bør få ny tilkomst via felles tilkomstveg til Leirvågvegen.

- Kryss mellom kommunal veg Leirvågvegen og fylkesveg 565 må dimensjonerast og utformast i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100.
- Veganlegg må detaljerast slik at ein ser at det kan byggast. Det må settast av nok areal til annan veggrunn og anleggsbelte langs vegane slik at det er nok plass i anleggsfasen til å bygge veganlegga. Tekniske teikningar for veganlegget bør vere avklart og godkjent før planen vert sendt til offentleg ettersyn. Fylkeskommunen skal godkjenne teikningar som gjeld tiltak langs fylkesveg.
- Byggegrense til fylkesveg er i utgangspunktet 50 meter.
- Det må utarbeidast ein støyanalyse for planområdet, der det er relevant. Eventuelle støyttiltak må i utgangspunktet plasserast lenge frå vegen enn byggegrensa i planen.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Dette inneber at eventuelle kulturminne og kulturmiljø vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Dersom planforslaget er i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale kulturminneverdiar kan Vestland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn til planen. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med regionale kulturminnemynde for å finne gode løysingar før planen vert lagt ut på høyring.

#### Varsel om kulturhistorisk synfaring

Vi har i dag kjennskap til automatisk freda kulturminne i planområdet, eit øydegardsanlegg frå mellomalder (Askeladden id. 110087). Ut frå potensiale for nye funn frå førhistorisk tid i planområdet, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.

#### Nyare tid

Kommunen har fått utarbeidd ein kommunedelplan for kulturminne. Dette er eit viktig kunnskapsgrunnlag som må brukast aktivt i arbeidet med planarbeidet. Forholdet mellom den bevaringsverdige bygningsmassen og utvikling av planen er tema som må sjåast i samanheng. Planen må sikre at opplevinga av det einskilde kulturminne og det samla kulturmiljøet vert teken vare på og styrka. Volum, proporsjonar, høgde og nær- og fjernverknad på den samla nye bygningsmassen må tilpassast eksisterande bygningsmiljø og kystlandskap.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre  
<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

#### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på samordna areal- og transportplanlegging, samferdsel, infrastruktur og veg, og kulturminne og kulturmiljø. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar

Cathrine Gunn Grasdal  
spesialrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Sakshandsamarar:

Gunnhild Raddum - Transportplan, Mobilitet og kollektivtransport  
Kari Elster Moen - Forvaltning Bergensområdet, Infrastruktur og veg  
Sigrun Wølstad - Arealplan, Kultur, idrett og integrering

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I  
VESTLAND

Statens vegvesen

Njøsavegen 2

Postboks 1010 Nordre Ål